

Julefesttradisjonane held stand i Vonheim.

28.12.2017



Det var ikkje mange ledige stolar på julefesten i Vonheim.

Dei fleste tun på Haugland, Musland og oppover i dalen var representert på den tradisjonsrike julefesten som vart arrangert i Vonheim 4.juledag. Festen var lagt opp etter den faste, gode og trygge programleisten, men det var også gjort eit par nye vriar i samband med festavviklinga i år.



Musikklaget opna programmet 31. året på rad.

Festen var i år flytta eit par timar fram til klokka halv fem på ettermiddagen, og det var nok gunstig for dei yngste. Det såg heller ikkje ut til å redusera frammøtet. Nytt av året var også juletreet. Det tidlegare 'vandretreet' som tidlegare forflytta seg frå fest til fest i bygda, hadde fått avløyning. Det var investert i nytt

kunstig tre. Eg hørde ingen som sa anna enn at det var vellukka. Fint var det, mindre plass tok det i salen. Dessutan må det vera meir praktisk for dei som skal stå for arrangementet kvart einaste år.

Etter at Anne Grethe Sjo hadde ønskt velkommen, starta programmet med ei lita konsertavdeling med julemusikk av Uskedal musikklag, akkurat slik programmet har starta på dei 30 føregåande festane. Etter dette hadde det tvinga seg fram ei fornying i programmet. Etter svært mange forsøk viste det seg vanskeleg å skaffa andaktshaldar. Dermed vart andakten erstatta av at Møyfrid Kristoffersen hadde opplesing om jul i gamle dagar. Ho les utdrag av ei koseleg forteljing, **JUL PÅ BJØRNEBØLE**. Den var skriven av Sofie Bjørnebøle(1888-1974), og forteljinga var trykt i julenummeret til Kvinnheringen i 1991. Det var ei koseleg forteljing som minna oss om dei store endringane som har vore i julefeiringa, men også om noko som framleis står fast.



Møyfrid Kristoffersen les om jul på Bjørnebøle i gamle dagar.



Søskenbarna Ida(nærast) og Nora les juleevangeliet.

Juleevangeliet høyrer alltid med på desse festane, og det er alltid nokre av den yngre garde som framfører det. I år var det søskenbarna Ida Kristoffersen Øyjord og Nora Huse Kristoffersen som les det flott frå talarstolen.

Kjekke selskapsleikar gjer seg godt på juletreffestar, og i Vonheim er alltid det eit fast programinnslag. Henteleiken engasjerar alltid, og her var det hard og jamn konkurranse mellom to lag som bestod av både barn og vaksne. Ingunn og Ingvill E. Myklebust leia denne før dei overlet styringa til karane i familien, Sigmund og Sivert, som hadde den alltid populære stolleiken. Sigmund organiserte og Sivert styrte musikken. Leikedelen vart avslutta med ein kjekk songleik der salen vart delt i to lag. Ingvill og Ingunn styrde denne og sa ein bokstav. Då vart det poeng til det laget som hadde det medlemmet som først reiste seg og song ei strofe av ein song som begynner på den bokstaven. Kwart lag hadde solide ankerkvinner i Anne Grethe Sjo og Møyfrid Kristoffersen, og det vart ein jamn, spennande og underhaldande duell.



Klart for henteleiken.



Stolleiken er alltid populær.

Etter dette var det klart for matøkt, og nytt av året var at denne var i hovudsalen oppe, ikkje i kjellaren som før. Bord vart sett inn, og kvar og ein nytte det gode dei hadde med seg. Under bordseta dukka den snille julenissen opp med pakkar, og det var både god drøs og quiz.

Juletregang der dei song av hjartans lyst avslutta nok ein vellukka juletreffest i Vonheim. Eg trur mest julesongen kunne høyrast frå Hauglandskrysset til Friheim. Ein flott tradisjon vert bringa vidare. Underteikna veit ikkje kor langt tilbake denne festtradisjonen starta. Er det nokon som kan hjelpa?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tone Huse Kristoffersen og Thor Inge Døssland